

## Peder'n i Bakkjen

### Dame besøk

Utanfor stoveglaset til Peder'n heldt eit skjorepar på å mobbe ein gråstripet katt som gjekk å luska rundt husa. Peder'n sprang bort i glaset og prøvde å jage dei vekk, men dei sat berre og såg på han og lurte på kva slags skapning dette var, og så skråla dei endå meir. Brått skvatt han til, var det ikkje noko som rørde seg nede i skogholtet? Jau visst, det kom folk til gards. I de same kom skapningen fram frå det tette buskaset og han fekk sjå kven det var.

«Borghild? Ka fan vil ho her so tidleg på dag?»

Han trakk hovudet fort inn att frå det opne vindauga med det resultat at han rende nakken opp i glaskarmen.

«Satan han inderleg...!» Han ynka og heldt seg på hovudet medan han prøvde å finne broka som han hadde slengt frå seg på golve kvelden før då han la seg. Då han endeleg hadde fått kledd seg, banka det på døra. Han kjende at hjarta hoppa over minst fem slag før det tok til å rase ut i eit tempo som om han hadde sprunge til verds ende. Det banka ein gong til, og med skjelvande kne gjekk han bort til døra og opna ho forsiktig. Der stod Borghild, med raude roser i kjakane etter turen opp bakkane. Ho var så vakker at han mest ikkje fekk puste, det var som om han hadde eit muleband om halsen som sakte men sikkert snøra seg saman og tok pusten frå han.

«God morn Peder!» Borghild vart så skjelven i knea då ho såg inn i dei brune forskremde augo der i dørøpninga.

«Gggod morn!» stamma Peder'n, det vart mest som eit hært måseskrik.

«E da du Borghild so kjem på vitjing so tidleg på morgonen?»

«Eg ha nett vore i fjøsen å mjølka, og so tenkte eg at du kanskje hadde lyst på litt nysilt mjølk til frukost!»

Ho heldt spannet opp framfor seg så han skulle sjå det.

«Da va no snilt tenkt av deg», kviskra Peder'n som framleis stod og stirde på ho med store augo og mulebandet som snørte seg tettare og tettare til om halsen hans.

«Ha du vondt i halsen Peder?»

«Da går visst ei halse sykje», mumla han. «Men vil du ikkje komme inn for døra? Her er ikkje akkurat så ryddig, men eg skal no finne ein stol til deg!» Han hivde vekk nokre kleslarka som låg strødd utover og baud henne plass. Han tok spannet i frå henne og sette det på kjøkkenbordet.

«Vil du ha kaffi?» spurde han.

«Eg kjem nett frå frukostbordet, so du treng ikkje lage til noko for mi skuld», svara ho.

«Du gjer som du vil, meg eg har ikkje ete frukost enno, so eg hive no på litt kaffi likevel!»

Peder'n sette kaffikjelen på omnen og dryssa litt kaffi oppi. Han skalv slik på hendene at mesteparten av kaffien hamna utanfor. Borghild sat taus og såg på han i smug og kasta av og til blikket ut glaset.

«Da e så fine utsikt her oppe!»

«Jau, utsikten e'kje noko å sei på», svara Peder'n med eit grauttjukt mål... Fan òg, han måtte ha luft eller så kom han til å krepere.

«Eg må berre ut fy døra ein augneblink», sa han og strauk på dør. Peder'n lente seg oppetter hushjørnet og heiv etter pusten medan han slo lens. Han viste ikkje kva som gjekk av han, enten

## «Livet i Fjorden»

heldt han på å bli tylen, eller så var han alvorleg sjuk. Han hadde då aldri hatt problem med lungene før, men no var det omtrent som om det ikkje fans luft nokon stad, i allefall når Borghild var i nærleiken. Han drog pusten djupt medan han kneppa att broka og vakla på ustø bein inn att i stova. Borghild stod attmed komfyren og trakte ferdig kaffien då Peder'n kom inn.

«Eg tenkte eg kunne lage ferdig kaffien mens du gjorde dine nødvendige ærend», sa ho medan ho fann eit par koppar og sette på bordet.

«Jau, jau», svare Peder'n og kremta. Han var ikkje van med kvinnfolk i huset, så han viste liksom ikkje kva han skulle sei. Borghild skjenka opp i koppane og sette seg medan ho nippa til den varme kaffien.

«Ka...ka drive Jon med fy tida då»? spurde Peder'n. Han viste ikkje kva han skulle finne på å sei. Han kjende sveitten rann etter ryggen og hendene var klamme og kalde.

«Han e vist borte i Bårenest og ordnar noke på båten til Hans'n», svara ho.

«Han må alltid ha noke å henge fingrane i han Jon, han er så rastlaus av seg. Han har aldri tid til å sette seg ned å drikke ein kopp kaffi i lag med noken, slik som du Peder», sa ho.

«Da e vel so da», svara Peder'n med hæs stemme.

«Men eg ha no slikt å gjere eg, da e'kje så mykje å ta seg te her oppe. Eg må no sjølvsgt vøle litt på husa før vinteren kjem, men da ska eg nok klare»!

«Får du tid til overs, så kan du berre komme ned i Hamna til meg, eg skal nok finne passende arbeid til deg», svara Borghild medan ho blæs på kaffien. Ho vart heit og raud i kjakane då ho sa det, ho torde mest ikkje sjå på han.

«Jau, eg takkar fy da», kviskra Peder'n og såg litt forskremt på ho.

Dei sat ei stund utan å sei noko, det var som om lufta vart vanskeleg å puste i. Borghild kjende at pulsen hennar steig og steig og ho var gloheit i andletet.

«Nei, eg får sjå å komme meg heim å lage middag til Jon kjem», sa Borghild og reiste seg. Ho hadde slett ikkje lyst å gå heimatt, men ho kunne ikkje vere for lenge heller. Det var alltid dei som fylgde med på kva andre dreiv med.

«Jau, jau», svare Peder'n.

«Du får ha takk for mjølka»!

«Da e'kje noko å takke fy», svara ho.

«Du...du ska få att spannet ditt, eg ska tømme mjølka over i ein mugge», sa Peder'n.

«Nei, da e'kje so farleg med spannet», svara Borghild.

«Kom ned med det ein dag når da passar deg»!

«Tttakk då», stamma han og rette fram neven. Borghild tok handa hans og det for elingar gjennom heile kroppen hans. Det føltes som ei evigheit før ho slepte.

«Ha da bra då Peder», so ho i det ho for gjennom døra som ein vind.

«Ha..ha da», kviskra Peder'n, og gjekk inn att i stova. Han gjekk bort til glaset og såg etter henne der ho for småspringande ned etter reina. Det lange mørke håret flagra rundt hovudet hennar som ein glorie. Peder'n seig ned på ein krakk og folda nevane, augo var blanke og han pusta som ein kval.

Borghild var heilt andpusten då ho stoppa heime på tunet, ho hadde sprunge mest heile vegen heim og ho var varm som ei glo i heile kroppen. Det var nok ikkje berre fordi ho hadde sprunge heimover at ho var heit, ho hadde vore nokså heit og forkava oppe hjå Peder'n `og, kva no det skulle tyde. Ho såg seg rundt om ho såg Jon nokon stad, men han var nok borte i Båreneset hjå Hans'n endå. Han kom nok ikkje heim før seine kvelden, kjende ho han rett. Ho nynna for seg sjølv då ho gjekk inn på kjøkkenet får å sette i gang med husarbeidet.

Peder'n sat på same krakken. Hovudet kjendes ut som det var fylt med ull. «Ka i helsike e da so skjer», mumla han. At eit kvinnfolk skulle virke inn på denne måten, kunne han ikkje forstå. «Ho

## «Livet i Fjorden»

e no for fan gifte»! ropte han høgt. Han reiste seg frå krakken og gjekk rundt seg sjølv på stovegolvet. «Eg må ha noke og leske meg på!» mula han medan han stana ut gjennom døra. Inne i vedskjulet fann han ei flaske brandy som han hadde gøymt på, den ville roe ned nervane hans ei stund.